

**Skjåk kommune**

Sentraladministrasjonen

Finansdepartementet  
Skattelovavdelinga  
Postboks 8008 Dep.

0030 OSLO

FINANSDEPARTEMENTET

29. SEP. 2004

Saksnr. 04, 1847-177  
Arkivnr.

Dykkar ref.:


Vår ref.: ELU/2004000529-3/

Dato: 27.09.04

## ANSVÅRET FOR INNKREVVJINGA AV SKATT - HØYRINGSUTTÅLE

Vedlagt fylgjer Skjåk kommunestyre sitt vedtak i sak 35/94.

Med helsing

  
Eli Johanne Lundemo  
Administrasjonssjef  
Tlf. direkte: 61 21 70 04

### Kopi til:

Kommunenes Sentralforbund Postboks 1378 Vika

0114

OSLO



ORGAN	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	SAKNR
Kommunestyret	OGA	23.09.04	036/04

## ANSVARET FOR INNKREVJINGA AV SKATT - HØYRINGSUTTALE

### Dokumentliste:

Nr	Type	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Dokumenttittel
1	I	02.07.04	Kommunenes Sentralforbund	Høring på skatteoppkreverutvalgets utredning - NOU 2004:12 - Fortsatt kommunal skatteinnkreving - ikke statliggjøring

Utdrag frå NOU 2004:12, kapittel 1 og 2. Det er berre kapitla som omhandlar oppnemning og mandat, samt samandrag som er vedlagt saka.

Resten av utredninga ligg på finansdepartementet si heimeside;  
"<http://odin.dep.no/fin/norsk/publ/utredninger/NOU/>"

Kapittel 1.5 viser presentasjon av utredninga og kva kapitalane inneheld.

### Bakgrunn

Stortinget har bede regjeringa om å legge fram forslag til tiltak som kan gjeve betre resultat med omsyn til skatteinnkreving. Finansdepartementet har oppretta utval som kome med ei utgreiing, jamfør utdrag frå NOU 2004:12.

### SAKSFRAMSTILLING:

#### Saksframstilling:

Skatteoppkrevjarutvalet leverte si innstilling i NOU 2004:12 den 12.mai 2004. Saka er no ute til høyring med høyringsfrist 1.oktober. Utvalet leverte delt innstilling. Tre modellar har vore vurdert;

- ✓ Kommunal modell (dagens)
- ✓ Blanda modell
- ✓ Statleg modell

Kommunekasseraren krev i dag inn inntekts- og formueskatt og trygde- og arbeidsgjevaravgift på vegne av staten, fylket og kommunane. Kommunekasseraren har og ansvar for arbeidsgjevarkontrollen.

Den statlege modellen forutsett at likningskontora tek over oppgåver frå kommunen og at det og vert oppretta statlege regionoppkrevjarkontor.

Fleirtalet i utvalet vil gjere skatteinnkrevjinga statleg, medan mindretalet, som var dei kommunale representantane i utvalet, meiner at framleis lokal skatteinnkrevjing under kommunalt ansvar er den beste løysinga.

### **Administrativ vurdering**

Administrasjonssjef og økonomisjef meiner at dagens kommunale modell er langt betre enn staten sin skisserte organisasjonsmodell.

Ein statleg modell vil truleg føre til:

- ✓ Færre arbeidsplassar i utkantane, jamfør distriktpolitikk kontra sentralisering.
- ✓ Redusert skatteinngang for landet og reduserte skatteinntekter og inntektsutjamning for kommunane der konsekvensane av tap ikkje er utreda.
- ✓ Redusert rettstryggleik, da likning og innkrevjing bør være skilt.
- ✓ Redusert brukarservice for innbyggjarane ved sentralisering.
- ✓ Reduserte synergieffektar i kommunal innkrevjing, jamfør innkrevjing av eigedomsskatt og kommunale avgifter.
- ✓ Store utgifter til omorganisering, da omorganisering medfører overgangskostnadar og erfaring viser og at nye større organisasjonar nesten alltid vert meir kostbare enn planlagd.

Den statlege organisasjonsmodellen er, etter administrasjonen si meining, grunnleggjande i strid med dei prinsipp som Stortinget har vedteke for norsk skatteinnkrevjing, og modellen vil føre både til dårlegare rettstryggleik for skattytarane, dårlegare brukarservice og sentralisering. Ny organisering vil truleg gje lågare skatteinntekter, som kommunane vil tape på gjennom både skatteinngang og inntektsutjamning over rammeoverføringane.

Lokal kunnskap er viktig med omsyn til god oppfylgning knytt til service og å drive inn restansar.

Skattoppkrevjarfunksjonen i Noreg oppnår allereie å få inn over 99 % av skatten og det er ikkje teneleg å endre ein organisasjon som fungerer så godt. Ei resultatforverring på berre 0,5% – 1,0% i innbetalte skattar vil utgjere fleire milliardar kroner for heile landet.

### **Administrasjonssjefens forslag til uttale**

Skjåk kommunestyre tilrår at oppgåvene knytt til skatteinnkrevjing og arbeidsgjevarkontroll framleis skal utførast av kommunane. Kommunestyret meiner at ein kommunal modell er betre enn ein statleg modell med omsyn til; resultatoppnåing på innkrevjinga, distriktpolitikk, brukarservice og rettstryggleik.

### **Vedtak i Kommunestyret:**

Samrøystes som innstillinga.

**Dato: 27.09.04**

### **Utskrift sendt til:**

Finansdepartementet	Skattelovavd.	0030	OSLO
Kommunenes Sentralforbund	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Økonomisjefen i Skjåk kommune			